

Innspel til grunnlagsdokumentet Nasjonal transportplan (ESA-sak 15/8208)

Doknr.	Innspel frå	Innspel
10	Stamvegutvalet E-16	<p>Generelt til NTP:</p> <ul style="list-style-type: none">• Støttar dei føreslegne hovudmål og etappemål.• Dei økonomiske rammene må aukast med 60% i forhold til basisramma.• Større andel av totalramma til riksvegprosjekt og skredsikring.• Den einsidige bruk av «nettonytte pr. budsjettkrone» må supplerast med andre prioriteringskriteria/argument for å få eit heilheitleg vurderingsgrunnlag. <p>Om E-16:</p> <ul style="list-style-type: none">• Støttar prioriteringa av ei samordna planlegging og utbygging av veg og jernbane på strekningane Skaret-Hønefoss og Voss-Bergen.• I første del av planperioden vert følgjande reststrekningar mellom Hønefoss og Bergen prioritert: Fagernes-Hande, Kvamskleiva (Rassikring), Ljøsne-Tønjum, Nærøydalstunnelen (Rassikring) og Oppheim-Voss. <p>Om Aust-Vest utgreiinga:</p> <ul style="list-style-type: none">• E16 må oppretthaldast som ein av hovudsambanda mellom aust og vest, og at reststrekningene blir fullført.• Ber om at det vert gjort ei samordna og lik utgreiing av alle dei 4 alternative hovudvegar aust-vest før saka vert lagt fram for Stortinget.• Det bør vurderast oppstart av KVU for raskt heilårssamband mellom Bergen og Trondheim via Valdresflya og Sognefjellstunnelane. Dette gjeld også for bruløysing over Fodnes-Mannheller.

12	<p>Vågsøy kommune (Førebels utale, 09.05.16. Kommunestyret vil handsame uttale til NTP i juni)</p> <p>Vekting av netto nytte av prosjekt.</p> <ul style="list-style-type: none"> Nyttevurderinga som vert brukt i NTP i for sterk grad favoriserar prosjekt i sentrale strøk med høg trafikk. <p>Omklassifisering til riksveg:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fv. 617 Måløy-Raudeberg Fv.623 Trollebø-Deknepollen Kystvegen Bergen-Ålesund <p>Rv 15 generelt ikkje ferdig:</p> <ul style="list-style-type: none"> Strekninga i Brunsvika Manglande krabbefelt opp Almenningsfjellet <p>Rv 15 Strynefjellet:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ber om at oppgradering av tunnelar kjem inn i planen. <p>Rv 15 Måløy fergekai – Måløybrua:</p> <ul style="list-style-type: none"> Brukarfinsansiering kan vera eit verkemiddel for delfinansiering. <p>Stad Skipstunnel</p> <ul style="list-style-type: none"> Viktig at prosjektet vert realisert no.
----	---

11/13	I/S Fjordvegen Rute 13	<ul style="list-style-type: none"> • Krev 2 mrd. årleg i heile planperioden til rassikre og trygge vegar. • Forventar gul stripe på riksvegstrekningane på Fjordvegen rute 13. • Krev slik prioritering av investeringar: <ul style="list-style-type: none"> ◦ Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte <ul style="list-style-type: none"> ▪ Rv. 13 Vikafjellstunnelen ◦ Sikra særer rasutsette vegparsellar: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Rv. 3 Lovraeidet – Rødsliane ▪ Rv. 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen ▪ Rv. 13 Odda – Tyssedal ◦ Trafikksikringstiltak: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Frv. 13 Kinsarvik – Bu ◦ Sikra øvrige rasutsette vegparsellar: <ul style="list-style-type: none"> ▪ RV. 13 Melkeråna – Årdal (lang tunnel) ▪ Rv. 13 Kvassdalen ▪ Rv. 13 Oddadalen ▪ Rv. 13 Lovra – Lovraeidet • Er samd i at prioritering av drift/vedlikehald er viktig for å ta att etterslep, og støttar ei planramme tilvarande minst «Høg ramme». • Forventar at Nasjonale Turistvegar og vegutbygging langs rv. 13 må arbeida saman. • Forventar at Staten følgjer opp fylkesvegane med betydelege midlar slik at fylkeskommunane kan vera aktiv vegeigar med både drift, vedlikehald og investeringar.
14	OffrOm studio - May Elin Eikaas Bjerck	Rv. 5 Kjøsnesfjorden <ul style="list-style-type: none"> • Ønskjer forprosjekt og prøveprosjekt for å sjå på moglegheiter for eksisterande veg (som gang og sykkelveg) når denne vert erstatta av tunnel (rassikring). • Etablere ny landskapsopplevelse basert på sted og identitet, synleggjere landskapsfenomen, auke attraksjon med fokus på forsking og innovasjon.
15	Førde, Gauldal, Jølster og Naustdal kommune	E39 – opprusting mellom fjordane frå sør mot nord <ul style="list-style-type: none"> • E39 – sluttføring av strekninga Myrmel - Lunde • E39 – planlegging- og oppstartsmidlar til strekninga Storehaug-Vassenden • E39 - Midlar til planlegging av kommunedelplan strekninga Skei-Byrkjelo • E39 - Tiltak til gang- og sykkelvegar på strekninga Farsund-Moskog Rassikring – trong for auka rammer <ul style="list-style-type: none"> • Rv5 – Kjøsnesfjorden, E39 – Bjørset-Skei og E39 Våtedalen etter den prioriteringa som står i fagetatane sitt grunnlagsdokument til NTP. • Utvida ramme til rassikring av riksveg 5 Førde-Florø Flyplass - planleggingsmidlar <ul style="list-style-type: none"> • Planleggingsmidlar til utviding av Førde lufthamn, Bringeland

16	Vik kommune	<p>Generelt</p> <ul style="list-style-type: none"> Samd i at det er viktig også å prioritera drift og vedlikehald for å ta att lang tids etterslep og støttar minst «høg ramme». Dette er nødvendig for å nå nasjonale mål både for drift/vedlikehald og investeringar. Arbeidet for rassikre og trygge vegar må intensiverast og stiller oss bak kravet om min. 2 mrd. årleg i heile planperioden til slike tiltak. <p>Vikafjellstunnelen – kommunen sitt hovudkrav</p> <ul style="list-style-type: none"> Vik kommune vil på det sterkest be om Vikafjellstunnelen blir prioritert i komande NTP, med investeringsmidlar til oppstart i første del av planperioden. Argumenta for Vikafjellstunnelen <ul style="list-style-type: none"> Samfunnstryggleik og beredskap - Vikjatunnelen vil vesentleg betra stoda i regionen (alternativ omkjøringsveg). Regionbygging - Vikjatunnelen bind Sogn, Voss og Bergensregionen betre saman, og vil gje grunnlag for å utvikla ein ny bu- og arbeidsmarknadsregion. Planstatus I tillegg til hovudplan som var ferdig 2006, er det no ferdig reguleringsplan på Viksida. Reguleringsplan for Voss-sida og for sjølve tunnelen står att, men planstatus gjev grunnlag for oppstart i første del av komande planperiode. Vik kommune vil på nytt minna styresmaktene om tidlegare lovnader for Vikafjellstunnelen. Vikjasamfunnet si utvikling og framtid er avhengig av at prosjektet no blir realisert. Storsamfunnet kan ikkje lenger stillteiande akseptera at ein heil kommune er isolert store deler av året. Vik kommune ber på det sterkest om at det blir løyvd investeringsmidlar til prosjektet i første del av komande planperiode.
17	Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS)	<p>Skredsikring rv. 5 og E39</p> <ul style="list-style-type: none"> Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) krev skredsikring av rv. 5 mellom Naustdal og Florø med: <ul style="list-style-type: none"> SIS ber om at det straks blir iverksatt skredsikring på strekninga Førde-Flora. Den totale løvvinga til rassikring må aukast. Dette må innarbeidast i NTP for perioden 2018 - 2029. Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) støttar fagetatane sitt framlegg til NTP om skredsikring, samt Framdriftsplanen vedlegg 4 til framlegget for ny NTP. Dette gjeld: rv. 5 – Kjøsnesfjorden, E39 – Bjørset-Skei og E39 Våtedalen etter den prioriteringa som står i fagetatane sitt grunnlagsdokument til NTP. Utan at noko vert gjort vil det være vanskeleg å nå nullvisjonen og samtidig oppretthalde naudsynete og kritiske samfunnsfunksjonar, i vestre del av Sunnfjord.

18	Luster kommune	<p>Nasjonal turistveg, Fv. 55 Sogndal – grense Oppland, prioritering og omgjering til Riksveg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fv. 55 fra Sogndal til Lom er omklassifisert fra Rv til Fv. Luster kommune sitt klare inntrykk er at vedlikehaldet/standarden på denne vegstrekninga har vorte dårligare etter omklassifiseringa. • Nasjonale Turistveger er så vesentlege veger for Norge at Fv 55 bør prioriterast for utbetring og vedlikehald og bli klassifisert attende til Rv. <p>Sognefjellstunnelane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Luster kommune ber fylkeskommunen i sin uttale til NTP gi merknad på at det må gjennomførast KVU av Sognefjellstunnelane, uavhengig av val av aust - vest korridor. <p>Skredsikring på riks- og fylkesveg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Luster kommune ser med bekymring på forslaget om at det bør stillast krav til at fylkeskommunane går inn med midlar til delfinansiering av rassikringstiltaka. Skredsikringsramma bør aukast frå staten, utan at det går ut over andre rammer til fylkeskommunen. <p>Val av øst – vest forbindelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Luster kommune forventar at Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider for at rv. 52 over Hemsedalsfjellet blir valt som transportkorridor mellom Bergen og Oslo.
19	Interesseutvalet for Førde lufthamn, Bringeland	<p>Interesseutvalet for Førde lufthamn er opptekne av vekst i vårt distrikt, og i det biletet er flyplassen særdeles viktig.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Derfor ber vi om midlar i NTP til å planlegge ei utviding av rullebana på Bringeland for å sikre eit godt flytilbod i framtida.
20	Fylkesrådet for eldre	<p>Fylkesrådet for eldre har fylgjande innspeil til RTP/NTP</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det må leggast stor vekt på universell utforming. Ha spesielt fokus på fortakantar på busshaldeplassar i høve til innstiging på bussar, der det må vere lettast mogleg innstiging. Der det vert planlagt veg må det også planleggast gang- og sykkelveg. Utbygging må skje samstundes. • Rassikring på riksveg 5 mellom Førde og Naustdal (Naustdal – Erdal) må få høg prioritet. Naustdal – Florø må likeeins prioriterast opp i rassikringsplanen. I tillegg rassikring av fylkesveg 609 Førde – Askvoll. • Vask av tunnelar og kvitmaling av tunnelvegger er eit viktig bidrag som trafikksikringstiltak. Naudnett må byggast ut i alle tunnelar over 500 m. • Vedlikehald av riksvegar og gang- og sykkelvegar er for dårlig. Det gjeld dekke, lys og brøyting/strøing.

21	Flora kommune	<p>Vegprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Flora Bystyre ber difor om at Kystvegen Ålesund- Bergen vert omklassifisert til riksveg og teken med som ein del av handlingsprogrammet i Nasjonal Transportplan 2018-2029. • Vi ber om at fullføringa av Rv.5 frå Evja igjennom Markegata og fram til Fugleskjærskaia blir teke med i handlingsprogrammet til NTP 2018-2029. <p>Transport/ Kaianlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Som del av Nasjonal hamnestrategi bør hamneterminalen på Botnastranda ferdigstilla. Vidareføre utdjupinga av leia til Westcon til 20 m djupn. Begge tiltaka bør vere med i første 4-års periode. Det er framleis behov for eit anlegg med ro-ro kai på 150 m og ei vanleg kai med same lengde. <p>Skredsikring</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sskredsikring av Naustdalsstranda og Leversundet må prioriterast i NTP sitt handlingsprogram for perioden 2018 – 2029 <p>Sykkelby</p> <ul style="list-style-type: none"> • Flora kommune forventar at sykkelbyar får ei særskilt handsaming når det gjeld finansiering av sykkel tiltak. • strekninga Brandsøy – Krokane er viktig sykkeltiltak <p>Flyplass</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utbetring av fasilitetane ved lufthamna. Dette gjeld terminalbygg, hangarar, parkering mm. • Ber om at Avinor og kommunen samarbeider om nytt planverk som sikrar lufthamnas framtidige behov for utvikling. <p>Digital infrastruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> • Flora kommune forventar at ein i nasjonal transportplan bidreg med organiserings-, planleggings- og finansieringsløysingar som sikrar alle innbyggjarane tilgang til kapasitet på 100 Mbps innan 2020.
----	---------------	--

Rangering av investeringsprosjekt ut frå samfunnsøkonomisk nytte

- Høg nytteverdi er kopla til høge brukartal, og favoriserer dermed dei tettast folkesette områda i landet. Regionrådet viser til at investeringar på fylkesvegnettet og riksvegnettet bør sjåast i samanheng når samfunnssnytten skal bereknast. Felles vurdering kan gje større nytteeffekt enn dersom prosjekta vert vurderte isolert.

Rassikring

- HAFS Regionråd vil be om at investeringsramma vert auka og åtvare mot å gjere rassikringsarbeidet avhengig av fylkeskommunal eigenfinansiering.
- Rassikring av fylkesvegar må videreføreførast som ei nasjonal ordning med høg investeringsramme

Breiband

- HAFS Regionråd meiner at det offentlege sitt ansvar for breibandutbygging må handsamast gjennom NTP , og at avkastning frå «Infrastrukturfondet» må kunne nyttast for å få fortgang i breibandsutbygginga i dei områda der selskapet sjølvé ikkje finn det rekningsvarande å bygge ut. HAFS Regionråd støttar difor Nasjonalt Brebandsråd sitt framlegg om å bruke kr. 500 millionar pr. år av avkastinga til breibandsutbygging.

Mobilnett

- Regionrådet vil særskilt be om betre bacopløysingar (batterikapasitet på basestasjonar) og betre distriktsdekning som viktige tiltak for betring av beredskapen.

Postleveransar i distrikta

- HAFS Regionråd krev at det ved framtidig utlysing av offentlege anbod på posttenester, vert teke omsyn både til utjamming av avstandsulemeper for distriktsnæringslivet og til spesielle brukargrupper sine behov i lokalsamfunn der det ikkje er marknadsgrunnlag for alternative distribusjonssystem.

Kystvegen

- HAFS Regionråd ber om at Kystvegen Ålesund - Bergen vert omklassifisert til riksveg og teken med som ein del av handlingsprogrammet i Nasjonal Transportplan 2018 – 2029

Planleggingsmidlar til utviding av Førde Lufthamn

- HAFS Regionråd støttar fullt opp om Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland si fråsegn og ber om at det vert sett av midlar i NTP til å planlegge ei utviding av rullebana på Bringeland for å sikre eit godt flytilbod i framtida

Samla ressurstilgang til transportsektoren

- HAFS Regionråd peike på udekka investeringsbehov innan samferdslesektoren som eit av dei viktigaste verkemidla for å auke aktivitets – og sysselsettingsnivået. Fornying og miljøforbetring av ferjeflåten, gjennomføring av ferjeavløysingsprosjekt, større framdrift i rassikringsarbeidet og reduksjon i etterslepet på vegvedlikehaldet, bør vere prioriterte verkemiddel.

23	Bremanger kommune	<p>Kalvåg Fiskerihamn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kalvåg Fiskerihamn er ikke på prioriteteringslista i NTP med kr. 68 mill. under høg ramme. • Bremanger kommune meiner ferdigstilling av hamna må skje raskt for å få full nytte av investeringane som allereie er gjorde i første utbyggingssteg. Kalvåg fiskerihamn må derfor flyttast lenger fram på prioriteteringslista. <p>Kystvegen Bergen – Ålesund</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bremanger kommune presiserer at kystvegen Bergen – Ålesund blir omklassert til riksveg og må få høgste prioritet i NTP.
24	Kollektivtrafikkforeningen	<p>Kollektivtrafikkforeningen vil understreke behovet for å sikre kollektivtrafikken ein betydeleg plass i NTP 2018-2029.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka satsing på kollektivtrafikk kan som vi har vist løyse ein stor del av både klimautfordringane og den framtidige forventa trafikkveksten som følge av befolkningsutviklinga. Det er dessutan samfunnsøkonomisk lønnsamt å satse på kollektivtrafikk. • Det er også stort behov for eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtransporttilbod i distrikta, og til å oppretthalde eit godt båt- og ferjetilbod langs kysten. • Vi forventar ut frå dette og dei store behova både til drift og investeringar for kollektivtrafikken at høg økonomisk ramme blir lagt til grunn for det vidare arbeid med meldinga til Stortinget.
25	Kommunenes sentralforbund	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunal sektor forventar som eit minimum at høg økonomisk ramme blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med melding til Stortinget. • Støttar forslaget om etablering av eit nasjonalt program for vedlikehaldsetterslep. • Forslag om eit tiårig program med årlege løyingar som sikrar at vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet, inkludert ferjekaiar, bruer og tunnelar, blir redusert i same takt som på riksvegnettet. • Behov for auka rammetilskott for drift av kollektivtransport, grunna både i nullvekstmålet for persontrafikk i byområda, behovet for eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtransporttilbod i distrikta, og underfinansiering av auka anbodskostnader i båt – og ferjetrafikk langs kysten. • Etterlyser vurdering av korleis Stortinget sitt vedtak om utsleppsfree kollektivtrafikk innan 2025 skal realiserast og finansierast. • Støttar utviding av ordninga med bymiljøavtaler, føresett at dei finansielle verkemidla blir styrka tilsvarende. • Forslag om integrering av lokal togtransport i regional ruteplanlegging. • Prinsipiell støtte til tanken om byutviklingsavtaler som kan supplere bymiljøavtalene og styrke regionale

		<p>arealplaner som verktøy, føresett reelle statlege bidrag knytt for eksempel til lokalisering av eigen publikumsretta verksemد.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterlyser ein heilskapleg plan på infrastruktur for fylle- /ladestasjoner (nullutsleppsteknologi). • Støtter forslaget om ei tilskottsordning for effektive og miljømessige gode hamner. • Behovet for auka rammetilskott til fiskerihamner og farleier. Dagens ordning kor investeringar i fiskerihamner er ein del av NTP vert styrka. • Kritisk til ein omklassifisering av fylkesveg til riksveg. Ein eventuell omklassifisering bør gjerast i nær dialog med den enkelte fylkeskommune. • I tillegg til samfunnsøkonomisk nytte er det ei rekje andre forhold som må vurderast når prioriteringane i NTP skal gjerast, for eksempel verdiskaping, næringsliv og minstestandard.
26	Trygg trafikk S og Fj	<p>NTP bør styrkast på følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Meir nyttenking i trafikktryggleiksarbeidet <ul style="list-style-type: none"> - Tydelegare føringar og verkemiddel retta mot trafikantane (trafikkopplæring, informasjons- og haldningsarbeid og kontrollar). - Tydelegare føringar og verkemiddel retta mot køyretøy (auka utbreiing av førarstøttesystem) • Eit breiare perspektiv i trafikktryggleiksarbeidet <ul style="list-style-type: none"> - Tydelegare omtale av verkemiddel som ligg hjå andre myndigheter/sektorar enn samferdsle, særleg justis, helse og kunnskap (trafikkopplæring, politikkontroller). - Fylkeskommunane er også ein viktig aktør og må tilførast tilstrekkeleg med midlar til å kunne utbetre farlege strekningar, og sjølv prioritere dette arbeidet
27	Sogn regionråd	<p>Hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sogn regionråd støttar regjeringa sin langsiktige utviklingsstrategi med to hovudsamband mellom aust og vest. Statens vegvesen si klare anbefaling er tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av rv 52 Hemsedalsfjellet, med tilkopling av rv. 5 og ferjefritt samband Mannheller-Fodnes. • Det vert lagt til grunn at E16 over Filefjell vert fullført som planlagt og at nødvendige utbetringer på E16 gjennom Valdres vert utført. <p>Vikafjellstunnelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sogn regionråd meiner rv. 13 Vikafjellstunnelen må inn i første del av Nasjonal transportplan 2018-2029. <p>Sognefjellstunnelane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sogn regionråd det bør gjennomførast ei konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane.

		<p>Rassikring:</p> <ul style="list-style-type: none"> Sogn regionråd meiner rammene til rassikringsmidlar til riks- og fylkesvegnettet må aukast. <p>Samfunnsøkonomisk lønsemd:</p> <ul style="list-style-type: none"> Sogn regionråd meiner at prioriteringar av samferdsleprosjekt i større grad må fanga opp behov til næringslivet, potensiale for verdiskaping og vekst og utviding av bu- og arbeidsområde.
29	Nasjonal rassikringsgruppe	<p>Nasjonal rassikringsgruppe oppfordrar Sogn og Fjordane fylkeskommune om å ta følgjande formulering inn i høringsuttalen til grunnlagsdokumentet for Nasjonal transportplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om at det offentlege vegnettet skal være sikra mot skred innan 2030, og støtter dette kravet. Basert på Statens vegvesen sine nyaste rapporter om skredsikringsbehov, inneber det årlege løyvingar til skredsikring på 3,4 milliardar kroner i planperioden.
30	Bremanger hamn	<ul style="list-style-type: none"> Kalvåg Fiskerihamn er ikke på prioritodingslista til NTP for perioden 2018 - 2021 med 72 millionar kroner, høg ramme. Fiskeriutbyggingsprosjektet på Kalvøya i Kalvåg er svært viktig for å styrke og utvikle fiskerimiljøet på kysten av Sogn og Fjordane. Det er eit godt fiskerimiljø i Bremanger og regionen rundt, men ein har utfordringar med å styrke og utvikle fiskeri spesielt på rekruttering og sjarkhamn. Med Kalvåg Fiskerihamn fullt utbygd vil fiskeriflåten få ein god og trygg base, med lagerplass og servicefunksjonar i nær tilknyting til eksisterande fiskemottak og - industri. Dette vil vere med på å gjere yrket meir attraktivt og arbeidet lettare for fiskarane. Kalvåg fiskerihamn må derfor flyttast heilt fram på prioritodingslista for perioden 2018-2021, lav ramme, med byggestart i 2018.
31	Hyllestad kommune	<ul style="list-style-type: none"> Kystvegen gjennom vestlandsfylka må overførast til riksveg med forsert utbygging. For sterkt fokus på samfunnsnytte og trafikktilting i kriteria. Viktige samferdsleprosjekt får dårlig utteljing i vurderingskriteria og vil kunne skade busetting og næringsliv utanom tettbygde strok. Urealistisk at fylkeskommunen skal ha delfinansiering av rasmidlar på fylkesveg, bind opp fylkeskommunale midlar. Vil ikke vere mogleg å ta både etterslep på vegvedlikehald, nødvendig utbetring av vegstandard og delfinansiering av rasmidlar. Må vurdere nytten av dei store bruprosjekta på E39 kontra framskunding av betre vegkvalitet. Kan same nytte i fjordkryssing kome med auke i frekvens av drift heile døgeret på fjordkryssing på Bjørnafjorden og Sognefjorden? Vurdere å omprioritere midlane til å løyse ut oppgradering av vegstandard og vedlikehaldsetterslep på tilførslevegane til og fra E39, gjerne med auke i overføring til fylkeskommunale midlar. Bør gjerast ei vurdering av brukryssing opp mot å auke samfunnsnytta ved at tilførslevegane får betre bruksverdi for næringsliv og samfunnsliv lokalt. Døme: Fv. 607 fra Lavik til Leirvik i Hyllestad.

33	Eid kommune	<ul style="list-style-type: none"> Urolege over metodikken nytta i NTP-arbeidet med ein definisjon av samfunnsnytte som automatisk styrer alle investeringar inn mot dei tettast folkesette områda i landet. Bryt med grunnleggande prinsipp i norsk samferdslepolitikk. Samferdsle skal vere eit målretta verkemiddel for å bygge opp underbu- og arbeidsmarknadsregionar og fremje næringsutvikling i heile landet. Må krevje ei anna fordeling av dei samla samferdsleløyvingane - der ein tilgodeser sterkare delar av landet med høg verdiskaping og store samferdsleutfordringar. Må vere tydelege på at E39 skal ha topp prioritet i heile neste NTP-periode. Må stå fast på strategien som ligg til grunn for E39 utbygginga gjennom fylket slik Stamvegutvalet har samla seg om. Utbetring av flaskehalsar mellom Byrkjelo – Sandane må gjerast i neste handlingsplanperiode som eit strakstiltak som heng saman med 20-minuttsavgangar på E39 Lote – Anda. Ferjeavløysing bør vere eige tema i neste NTP. Må leggast til rette for at lønsame og samfunnsøkonomisk gode ferjeavløysingsprosjekt kan realiserast raskast råd der det ikkje går på kostnad av statlege samferdsleprioriteringar elles. Ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast. Inovasjonsarbeidet i samferdslesektoren bør styrkast mellom anna med at det vert arbeidd med ny bruteknologi. Staten bør sette av midlar for å finansiere risiko ved bruk av ny teknologi.
34	Aurland kommune	<ul style="list-style-type: none"> Positive framlegg i grunnlagsdokumentet: <ul style="list-style-type: none"> At store rassikringsprosjekt vert gjennomført, som E16 Nærøydal At det er fokus på drift og vedlikehald At veg- og jernbaneprosjektet Voss – Bergen vert realisert Kommunen peikar på tiltak som må kome med i NTP: <ul style="list-style-type: none"> Rv. 52 med arm til rv. 5 som framtidig hovudveg aust – vest Vikafjellstunnel Program for å ta att etterslepet i vedlikehald på fylkesvegnettet Større løyvingar til rassikring og tunnelsikring, jf. dokumenterte behov Fylkeskryssande vegar bør få status som riksveg Nasjonale turistvegar bør utvidast til også å omfatte attraktive fjordstrekningar Kommunen understrekar at det viktig at NTP vert gjennomført etter høg ramme – med naudsynte tillegg – for m.a. å realisere prosjekt som er nemnde i fråsegna frå Aurland kommune
35	Sogndal kommune	<ul style="list-style-type: none"> Rv. 5 representerer eit hovudsamband i fylket. Ein viktig del av transportkorridor 5 med sambinding mellom E39 og E16. Vegen går gjennom Sogndal sentrum. Kommunen meiner det må settast av midlar til planlegging av omlegging av rv. 5 gjennom Sogndal i NTP. Det må også settast av midlar til planlegging og utbygging av tunnel mellom HagaLandet og museet. Stort behov for å betre tilhøva for myke trafikantar langs rv. 5 gjennom Sogndal sentrum og utbygging av undergang for kryssing av rv. 5 på Kaupanger. Støttar den langsiktige utviklingsstrategien med to hovudsamband mellom aust og vest. Støttar rv. 52 over Hemsedalsfjellet med tilkopling av rv. 5 og ferjefritt samband Mannheller – Fodnes som eit av to hovudsamband mellom aust og vest. Sogndal lufthamn – Haukåsen viktig del av samferdsletilbodet i Sogn. Trafikken har over tid vore jamt aukande. Viktig for Sogn at flyplassen vert satsa vidare på med etablering av natt-stasjonert fly og auka flykapasitet og frekvens.